



Innovasjon Norge Hordaland  
Pb 448 Sentrum  
0104 OSLO

Dato: 04.04.2016  
Vår ref.: 2016/3819-1  
Saksbehandlar: tormons  
Dykkar ref.:

## **Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016 - Tildelingsbrev til Innovasjon Noreg Hordaland Tildeling 2016 – kr. 15 000 000**

Fylkesutvalet vedtok Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland for 2016 i møte 25. februar, sak 65/2016.

Den totale økonomiske ramma i Handlingsprogrammet 2016 er kr 55 114 000,-. Reduksjon i dei statlege rammene gjer at det totalt er mindre midlar tilgjengeleg og har ført til kutt innafor nokre av budsjettområda. Fylkeskommunen overfører eit årleg beløp til Innovasjon Norge som er øyremerka bedriftsretta tiltak for å realisera måla og strategiane i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland for 2016.. Denne overføringa er i 2016 på **15 000 000 kronar**. Ramma til Innovasjon Norge er redusert i dette budsjettet som følgje av at Innovasjon Norge har fått tilbakeført 25 mill kronar som skal nyttast i 2016. **Totalt er altså ramma til Innovasjon Norge 40 000 000 kronar**. Denne måten å trekke frå tidlegare tildelte beløp vil ikkje skape presedens for komande tilseigner. Det vert gjort på denne måten på grunn av storleiken på tilbakeføringa. Midlane går til einskilda bedrifter og etablerarar som lån og ulike former for økonomisk støtte.

Som grunnlag for tildelingsbrevet for 2016, viser vi elles til oppdragsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til Hordaland fylkeskommune for 2016 (vedlagt).

### **1. Overordna føringar**

Arbeidet som Innovasjon Norge Hordaland skal utføre er basert på dei oppdragsbreva som kjem frå eigarane; staten og fylkeskommunen. Frå Hordaland fylkeskommune sin del legg vi Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016 (HNH 2016) til grunn for alt arbeid som vert gjort med utviklingsmidla.

### **2. Oversikt over tilsegn stilt til disposisjon for 2016**

I tillegg til dette tildelingsbrevet har Fylkesutvalet, slik som i 2015, vedteke ei tilleggsløyving til forsterka entreprenørskapssatsing i Hordaland på **kr 900.000,-**. Innovasjon Norge vil motta eit eige tilsnsbrev for denne satsinga.

### **3. Mål for Innovasjon Norge Hordaland sin aktivitet**

Ein av hovudstrategiane i næringsplanen er punkt 4.3 Meir entreprenørskap og innovasjon med følgjande innsatsområde: 1. Fleire gode grundere. 2. Fleire vekstkraftige verksemder. 3. Fleire innovative næringsmiljø. Dette er samanfallande med Innovasjon Norge sine eigne mål.

## **4. Fylkeskommunen si vektlegging av måla**

I Handlingsprogrammet for 2016 har fylkesutvalet vedtatt spesielle innsatsområder under strategien Meir entreprenørskap og innovasjon. Dei som er spesielt retta mot Innovasjon Norge Hordaland er:

### **Direkte støtte til bedrifter:**

- Vekst i eksisterande bedrifter gjennom målretta bruk av tilskot og lån.
- Arbeide for å sikre kompetent og langsiktig kapital til nye idear og nye bedrifter slik at fleire kjem gjennom oppstartsfasen og over i ein vekstfase.

Mobilisere til forskingsbasert innovasjon i bedriftene, mellom anna gjennom *FoU-forum* og ved bruk av VRD-verkemidlane kompetansemekling og dialogmøte. (Mogleg finansiering er IFU/OFU, RFF Vest, NFR sine brukarstyrt program, SkatteFUNN og Horisont 2020).

## **5. Koordineringsbehov**

Hordaland fylkeskommune er leiaren av den regionale partnarskapen for regional næringsutvikling, og ansvarleg for strategisk planlegging i fylket. Fylkeskommunen har det politiske ansvaret for heile breidda i det regionale samordnings- og utviklingsarbeidet, jamfør Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, samt det årlege handlingsprogrammet.

Innovasjon Noreg Hordaland har som formål å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling, og utløyse ulike distrikt og regionar sine næringsmessige muligheter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering basert på prioriteringar gjort i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, samt det årlege handlingsprogrammet.

For å sikre at Hordaland fylkeskommune er godt informert om utfordringane i fylket og i organisasjonen, skal det vere dialog mellom fylkeskommunen og Innovasjon Noreg Hordaland i forkant av eigarmøta i Innovasjon Norge. Det skal òg vere halvårlege statusmøter, der administrativ leiing frå fylkeskommunen møter direktør frå Innovasjon Noreg Hordaland. Begge partar deltek òg aktivt i regionale samarbeidsorgan, som til dømes Regionalt Næringsforum. Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for å sikre at denne dialogen vert gjennomført.

## **6. Særlige regionale tilpassingar**

Inntil kr 800 000 av midlane vert øyremerka til bedriftsprosjekt i VRD. Bedriftsprosjekta har som føremål å finansiere samarbeid mellom ei bedrift og eit utvald forskingsmiljø om utvikling av ei definert forskingsrelatert problemstilling. Midlane skal nyttast i høve satsingsområda i VRD #3 (eigen konsortieavtale), og kan nyttast til bedriftsprosjekt i heile fylket. Søknadar skal sendast via Hordaland fylkeskommune for vurdering. Endeleg sakshandsaming vert gjort i Innovasjon Noreg. VRD er no inne i sin tredje og siste prosjektperiode og har som hovudmål å medverke til å auke næringslivet sin eigenutførte del av totale utgifter til forsking i Hordaland frå 25 % til opp mot 30 % i perioden 2014-2016.

Inntil kr 1 000 000 av midlane vert øyremerka til fornying av fruktareal i Hordaland. Utviklinga i frukt næringa i fylket er særslig positiv. Omrent 40% av generasjonsskifte dei siste 5 åra har vore til kvinner, gjennomsnittsalderen går ned og regionen er i rute med generasjonsskiftet. Frukt er ein klimavennleg produksjon som har stor etterspurnad i marknaden. Næringsa sjølv peiker på mangel på tilstrekkeleg med investeringsmidlar som ein av dei største flaskehalsane for auke i produksjon av frukt i Hardanger. I 2015 var det tomt for investeringsmidlar frå Innovasjon Norge i juni. For å sikre investeringstakten i frukt næringa ynskjer Hordaland fylkeskommune å øyremerke midlar til fornying av fruktareal.

Midla som fylkeskommunen løyver til Innovasjon Norge i kategorien 551.60, kan nyttast til ordninga bedriftsnettverk. Det vert presisert at midla vil følgje dei same krava om tilhørighet i distrikta som tidlegare.

### **Omristing og nyskaping**

I HNH 2016 har fylkeskommunen ei særskild satsing retta mot omristing i petroleumssektoren. Ifølge KMD kan midla til omristing nyttast i alle kommunar, og ikkje berre innanfor det distriktpolitiske området. Dette inneber at midla kan nyttast til konkrete omristningsprosjekt for etablerte bedrifter innan petroleumssektoren i heile fylket. Vi legg, som tidlegare år, opp til eit nært samarbeid med Innovasjon Norge når det gjeld førebuing og gjennomføring av omristningsprosjekt og program.

### **Brukargruppe**

Hordaland fylkeskommune ynskjer framleis eit spesielt fokus på kvinner, og at ein har eit mål om at 40 % av dei næringsretta verkemidla skal gå til kvinner. Jamfør mål og tiltak i strateginotat frå Innovasjon Norge Hordaland, «Auka kvinneandel i bruk av næringsretta verkemiddel», datert 16.10.2015.

Det vert igjen presisert at støtte til vekstentreprenørar kan tildelast over heile fylket.

Fylkeskommunen ynskjer at midla kan gå til å støtte utviklingsprosjekt for etablerarar, som til dømes aksell program.

### **7. Krav til dokumentering av resultat og rapportering**

Midlane frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Noreg vert overført to gonger i året, første gong rett etter at tildelingsbrevet er sendt, samt 1. september. Midlane skal stå på ein eigen renteberande konto. Fylkeskommunen skal sende tildelingsbrev innan 15. mars, så snart rapport for forrige år er motteken. Midlane vert gitt til Innovasjon Noreg Hordaland som tilskot utan tilbakebetaling. Dette gjer det mogeleg for Innovasjon Noreg Hordaland å overføre rammer frå eitt år til eit anna for å kunne ta høgde for finansiering av større prosjekt. Tildeling som vert heil- eller delannullert vil på same måte kunne leggjast til ramma uavhengig av annullingstidspunkt. Dersom føresetnadane for utbetaling ikkje er oppfylte, vil fylkeskommunen kunne krevje heile eller delar av tilskotet tilbakebetalt. Det skal årleg rapporterast på bruken av tildelte midlar. Frist for rapportering frå fylkeskommunen til KMD, er sett til slutten av mars 2015. Tilsvarande skal IN Hordaland rapportera bruken av verkemidlar til fylkeskommunen innan 15. februar kvart år. Dette kjem i tillegg til sentral rapportering mellom IN sentralt og KMD. Overføring av rammer mellom år, samt renter som vert lagt til ramma, skal presiserast i rapporteringa. Ein tek etterhald om eventuelle endringar i rapporteringsrutinane. I utgangspunktet kan Innovasjon Norge sitt eige resultatmålingssystem nyttast.

Med talmaterialet skal det følgja ein kort, verbal analyse knytt til dei ulike satsingsområda og den regionsvise fordelinga. Innovasjon Norge må elles vera førebudd på å framskaffe andre, økonomiske oversikter i samband med mogelege pålegg frå KMD, eller etter ønskje frå fylkesutval / fylkesting. Ein føreset at Innovasjon Norge rettar seg etter dei retningslinene som departementet har lagt fast i samband med mål- og resultatstyring i høve til midlane frå KMD (del av tildelingsbrevet frå KMD). Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskotet vert haldne. Innovasjon Norge pliktar derfor å gje dei opplysningsane som fylkeskommunen ber om, og som er regulerte i avtalar og retningslinjer. Etter Stortinget sitt løvingsreglement har Riksrevisjonen rett til å kontrollera at tilskotet vert nytta etter føresetnadene.

## 8. Kommunikasjon

Det er ynskjeleg at Innovasjon Norge Hordaland aktivt skal profilere fylkeskommunen i samband med forvaltning av overførde midlar. Innovasjon Norge har i brev til fylkeskommunen, datert 6.juni 2006, gitt innspel til strategi for profilering. Denne avtalen byggjer på desse prinsippa, og følgjande aktivitetar vil vere sentrale :

- Presisera samarbeidet med fylkeskommunen i presentasjonar
- Presentera samarbeidsforholdet muntlig i kundesamtaler
- Bruka fylkeskommunen sin logo når IN inviterer til møter/seminar der det vert brukt fylkeskommunale midlar
- Andre tiltak skal vurderast

Oppdraget og medfølgjande tildelingar føreset at partane følgjer intensjonane i avtalar og regelverk, og held god kontakt undervegs. Særleg er det viktig at fordeling av arbeidsoppgåver som gjensidig ligg tett opp mot kvarandre, vert klargjorde. Kontaktperson hjå oss er: Næringssjef Mette Nora Sætre.

Vi ser fram til eit godt samarbeid, og ynskjer lukke til i det vidare arbeidet i 2016

Med helsing

Bård Sandal  
fylkedsdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Nina Broch Mathisen  
Ole-Andreas Smette  
ØKONOMIAVDELINGA

Vedlegg  
1 Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016  
2 Tilskotsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for 2016